



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref:  
2013/12146

Arkivnr.:  
433.52

Dato:  
18.03.2014

### Innkalling til møte i rovviltnemnda region 1 27.03.2014

Det blir møte i rovviltnemnda på Statens Hus i Stavanger 27.03.2014 kl 10.30. Som vanleg blir det høve for organisasjonane å legge fram innspel til nemnda, dersom det er ønske om det. Opp mot 30 min. blir sett av etter lunsj frå 12.00 til organisasjonane før ordinært møte startar opp igjen.

Det er allereie no klårt at ingen medlemmer frå Hordaland og Rogaland kan møte. Det er difor naudsynt at resten av nemnda møter. Dersom ikkje må møtet utsettast. Dette brevet sendast ikkje ut på papir, men blir lagt ut på våre heimesider [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland).

#### Sakliste:

**01/14:** Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2014. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak.

**02/14:** Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2014. Kommunikasjon med Miljødirektoratet om eventuelle ekstraordinære uttak ?

**03/14:** Brev frå leiarane i rovviltnemndene til KLD og LMD av 6. februar 2014.

**04/15:** Revisjon av forvaltingsplan for region 1. Handsaming av planen etter innspel frå Miljødirektoratet. Vedtak.

**05/14:** Kvote for betinga skadefelling i regionen frå 01.06.2014 – 15.02.2015. Vedtak.

**06/14:** Orienteringssakar og ymse.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar for rovviltnemnda

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Fylkesmannen i Rogaland  
Miljøvernavingdelinga  
Postboks 59  
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Noralv Distad  
Postboks 53, 5741 Aurland  
Telefon: 91374976  
noralv.distad@sfj.no  
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:  
Anders T. Braa, viltforvaltar  
Telefon: 51568914  
[anders.braa@fmro.no](mailto:anders.braa@fmro.no)

Kopi pr epost m/vedlegg:

- Fylkesmennene i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Merethe Støfring, Sogn og Fjordane Bondelag
- Vest-Agder bondelag
- Rogaland sau- og geit
- Birger Aasland, her
- Anita Bjørsvik, her

Vedlegg:

- Saksframlegg frå sekretariatet
- Rapportar om bruk av midler til FKT i 2013 frå fylka i regionen
- Søknadar og prioriteringar for 2014 frå fylka i regionen
- Revidert forvaltingsplan
- Brev frå nemndsleiarane til KLD og LMD av 06.02.2014
- Merknadar til forvaltingsplanen frå Miljødirektoratet
- Brev frå Miljøverndepartementet av 16.12.2013

Adresseliste rovviltnemnda pr epost:

- Noralv Distad, [noralv.distad@sfj.no](mailto:noralv.distad@sfj.no)
- Marit Barsnes Krogsæter, [marit.krogsater@sfj.no](mailto:marit.krogsater@sfj.no)
- Sveinung Valle, [Sve-vall@online.no](mailto:Sve-vall@online.no)
- Oddny Omdal, [Odd-omda@online.no](mailto:Odd-omda@online.no)
- Arne Bergsvåg, [arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no](mailto:arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no)
- Nils P. Støyva, [nils.p.stoyva@sfj.no](mailto:nils.p.stoyva@sfj.no)
- Jenny Følling, [Jenny.folling@sfj.no](mailto:Jenny.folling@sfj.no)
- Bente Bondhus, [benth-bo@knett.no](mailto:benth-bo@knett.no)
- Svein Bringsjord, [svein.bringsjord@politiker.vaf.no](mailto:svein.bringsjord@politiker.vaf.no)
- Inghild Vanglo, [inghild.vanglo@eigersund.kommune.no](mailto:inghild.vanglo@eigersund.kommune.no)

## Saksframlegg frå sekretariatet

**01/14: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempjande tiltak i 2014. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak.**

### *Saksopplysningar*

Vi har førebels ikkje mottatt rammefordeling til region 1 frå Miljødirektoratet for 2014. Vi legg likevel til grunn at tildelinga blir om lag som i 2013. Det vil seie kr 750 000,- til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak (FKT), kr 450 000,- til løn og drift av nemnda, kompensasjon for sekretariatet og evt. beredskapsordning for fylkesmennene, og kr 350 000,- til kjøp av tenester.

Rovviltnemnda har vedteke rapporteringsfrist for bruken av tilskotsmidla: Frå fylkesmennene til DN og rovviltnemnda innan 15. januar året etter. Det vil seie at fylkesmennene må nytte ei tidlegare frist for rapportering frå kvar søkar. Vi foreslår rapportfrist 1.12.2014.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak føreset at alle søknadar nyttar elektronisk søknadssenter, og at dei er innsendte innan fristen 15.02.2013. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av nytta tilskot. Det føreset at fylkesmennene handsamar søknadane i søknadssenteret og sett krav til rapportering.

Fylkesmannen i **Vest-Agder** har fått søknadar på 12 tiltak, til saman kr 710 000 (sjå vedlegg). Fylkesmannen vil prioritere 3 prosjekt til saman kr 138 000,-. Med prioritet 2 som bør vurderast er beløpet oppe i 378 000,-. Reserve til akutte tiltak og bruk av skadefellingslag er ikkje rekna med i dette.

Fylkesmannen i **Sogn og Fjordane** har mottatt 5 søknadar på til saman 684 000,- i 2014. Fylkesmannen prioriterer høgt ein søknad om flytting av beiteområde m.m. på kr 280 000. Søknadar om elektronisk overvaking av sau og kompetanseutvikling på felling av kongeørn har låg prioritet, til saman kr 214 000. Fylkesmannen ber om 150 000,- til reserve til akutte tiltak.

Fylkesmannen i **Hordaland** har fått 4 søknadar i 2014 på til saman 252 000,-. Ein søknad kr 66 000 har høg prioritet.

Fylkesmannen i **Rogaland** har fått 3 søknadar i 2014 på til saman 249 000,-. Ein søknad på 105 000 har høg prioritet. Behov for midlar til akutte tiltak i tillegg.

Rovviltnemnda og fylkesmennene må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Det gjeld både behov for førebyggjande tiltak som t.d. tidleg nedsanking og kostnadar knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksette skadefelling etter 1. juni.

### **Rapport frå 2013**

Tabellen under syner budsjett og resultat for 2013 for regionen. Ramma var kr 750 000 til FKT-tiltak, kr 350 000 til tenestekjøp og kr 450 000 til drift og løn til nemnda. Vaktordninga for fylkesmennene er innarbeidd i raden for tenestekjøp, totalt kr 25 500 for kvar FM. Sjå vedlegg frå fylkesmennene for detaljert rapportering.

		Kap/post	Budsjett 2013	Bruk 2013
Sogn og Fjordane				
	FKT	1427.73	310 000	293 000
	Tenestekjøp	1427.21	150 500	150 500
Vest-Agder*				
	FKT	1427.73	260 000	231000
	Tenestekjøp	1427.21	150 500	88 000
Hordaland				
	FKT	1427.73	40 000	30 000
	Tenestekjøp	1427.21	25 500	25 500
Rogaland				
	FKT	1427.73	140 000	120 000
	Tenestekjøp	1427.21	125 500	89 500
	Løn/drift rovviltnemnd	1427.21	198 000	136 000
	Kompensasjon sekretariat	1427.21	150 000	145 000

\*jf epost 17.03.2014

### **Vurdering og grunngjeving**

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til *førebyggande og konfliktdempande tiltak* til fylkesmennene i regionen (1420.73) og gje overordna føringar for bruken til fylkesmennene jf ”Regelverk for tilskudd til forebyggende og konfliktdempende tiltak i forhold til rovviltskader” (01.01.2013). Kap 8.4 i forvaltingsplanen for Region 1, ”Førebyggande og konfliktdempande tiltak”, vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Framlegget til vedtak er basert på søknadar om tilskot til fylkesmennene, innrapporterte behov frå fylkesmennene, og kunnskap om rovviltførekomst og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgifter 1420.21 på rovviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2013 og stipulert behov i 2014.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefelling og for behov for tilskot til akutte tiltak. Slike summar er vanskelege å budsjettera med og ligg inne som ”reserve” i tabellen under.

I elektronisk søknadssenter er det søknadar for kr 1826 000,- i region 1 for 2014. I tillegg skal det avsettast middel til akutte behov. Det betyr at einskilde prosjekt må nedprioriterast. Einskilde søknadar fell og utanfor ramma for tilskotsmidla. Fylkesmennene har i utgangspunktet gjort ei viss prioritering.

Vi rår nemnda til i hovudsak å følgje fylkesmennene sine prioriteringar, og til å gje tilstrekkeleg ramme for reservemidler i utsette fylke. Vi vil spesielt peike på at det ikkje er høve til å gje tilskot til reine tilsynsprosjekt. Det er heller ikkje høve til å gje tilskot til uspesifiserte utgifter til skadefellingslag utanom pågåande fellings situasjonar.

Utgifter til nemnda skal dekkast av 1420.21 *Drift av nemnder og sekretariat*. I tillegg skal kompensasjon for sekretariatet og fylkesvise vaktordningar dekkast innafor denne ramma, kr 450 000,-. Sekretariatet foreslår kr 150 000 til drift og løn til nemnda, kr 102 000,- til vaktordning for kvar av fylkesmennene i beitesesongen (kr 1700 pr uke i 15 veker), og kr 198 000 som kompensasjon til sekretariatet.

1420.21 *Tenestekjøp* skal dekke utgifter til forskning og utgreiing i regi av nemnda eller fylkesmenn. Det vil seie prosjekt som ikkje kan definerast som tilskot. Dette gjev samtidig klårtsignal til at nemnda kan iverksette eigne tiltak på tvers av fylka. Det er kome innspel til forvaltingsplanen om kunnskapsoppbygging om kongeørn, t.d. som predator på lam, men så langt er det ikkje utarbeidd projektskisser til dette. Det kan og tenkast andre bestillingar frå fylkesmenn og frå nemnda. Det er kanskje rett å sjå på om nokon høgt prioriterte FKT-søknadar kan omgjerast til kjøp av tenester. Vi foreslår at dette fordelast mellom fylka til fylkesvise kjøp.

Vårt framlegg til vedtak gjev denne fordelinga mellom fylka:

	1420.73	1420.21 tenestekjøp	1420.21 drift og løn
FM Sogn og Fjordane	350 000	150 000	25 500
FM Vest-Agder	200 000	150 000	25 500
FM Hordaland	50 000		25 500
FM Rogaland	150 000	50 000	373 500
Til saman	750 000	350 000	450 000

### **Framlegg til vedtak**

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda på dette viset for 2014:

Tilskot FKT	Kap/post	Tilskot etter søknad	Akutte tiltak	Totalt FKT
FM Sogn og Fjordane	1420.73	250 000	100 000	<b>350 000</b>
FM Vest-Agder	1420.73	100 000	100 000	<b>200 000</b>
FM Hordaland	1420.73	50 000		<b>50 000</b>
FM Rogaland	1420.73	100 000	50 000	<b>150 000</b>

\* 90 000 er allereie belasta utgifter

Tilskot tenestekjøp og drift	Kap/post	Tenestekjøp	Løn og drift nemnda	Kompensasjon sekretariat	Vaktordning	Totalt drift
FM Sogn og Fjordane	1420.21	<b>150 000</b>			25 500	<b>25 500</b>
FM Vest-Agder	1420.21	<b>150 000</b>			25 500	<b>25 500</b>
FM Hordaland	1420.21				25 500	<b>25 500</b>
FM Rogaland	1420.21	<b>50 000</b>	150 000	198 000	25 500	<b>373 500</b>

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte

*eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbedring av eksisterande tiltak. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av formar for dialog med involverte organisasjonar i fylket. Frigjorte beløp som følgje av avslag eller reduserte tilskot til søknadar er reserver til akutte tiltak.*

- 4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikkje nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf rovviltforskrifta §§9 og 9a.*
- 5. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.*
- 6. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8).*
- 7. For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdepande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg. Akutte tiltak kan avklarast pr telefon eller epost, men skriftleg tilsegn skal sendast så snart som råd.*
- 8. Tildelinga på 1420.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggjande og konfliktdepande tiltak.*
- 9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggjande tiltak.*
- 10. Tilskot frå 1420.73 skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.*
- 11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2014 gjennom elektronisk søknadssenter. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreduserande eller konfliktdepande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2015 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.*

*Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.*

***02/13: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2014. Kommunikasjon med DN om eventuelle ekstraordinære uttak ?***

Jon Erling Skåtan frå SNO orienterer om status for rovvilt i regionen.

Rovviltnemnda sendte 20.02.2014 brev til Miljødirektoratet med råd om iverksetting av ekstraordinære uttak av jerv i Sogn og i Rogaland.

***03/14: Brev frå leiarane i rovviltnemndene til KLD og LMD av 6. februar 2014.***

Leiarane av rovviltnemndene sendte brev til Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet ved statsrådene med råd om å opne fleire stengsler mot ei meir differensiert og føreseieleg rovviltforvaltning. Brevet bad om tilbakemelding på i alt 23 punkt. Bakgrunnen for brevet var møte med rovviltleiarane på Gardermoen i oktober i fjor og møte med statsrådene 2. desember.

Brevet er i varierende grad handsama i dei einsskilte nemndene, og ikkje i region 1.

**04/15: Revisjon av forvaltingsplan for region 1. Handsaming av planen etter innspel frå Miljødirektoratet. Vedtak.**

*Saksopplysningar*

Forvaltingsplanen for rovvilt skal reviderast minst ein gong kvart fjerde år. Dette arbeidet starta opp på møte i nemnda 30.08.2012, jf sak 15/12. Etter innspel og høyring blei planen førebels vedteke med atterhald om merknadar frå Miljødirektoratet på møte i august 2013. Miljødirektoratet sine merknadar til planen er lagt ved innkallinga til møtet.

Det er opp til rovviltnemnda å vedta forvaltningsplan for sin region. Miljødirektoratet skal uttala seg før nemnda vedtar planen. Miljødirektoratet ber om at uttalen følgjer protokollen frå vedtaksmøte og at uttalen leggst ved saman med planen på rovviltnemnda sine nettsider.

Miljødirektoratet sin uttale kan delast inn i generelle merknadar og konkrete tilbakemeldingar på innhald som er i strid med - eller uklår i høve til gjeldande regelverk. Vi har gjort eit forsøk på ein punktvis systematisering av innspela frå Miljødirektoratet:

<b>Generelle merknadar</b>	<b>Konkrete forslag til endring</b>
Planen kan gjerast enklare med bruk av lenker	DN ikkje lenger aktuell forkorting
Gjentaking av del I i del II	Reduserte ynglemål for bjørn i region 6 og 7
Minst mogleg bruk av tal som mistar relevans	Hovedmålet sin formulering om at det ikkje skal vere skadegjerande rovpattedyr i regionen er ikkje i samsvar med nasjonal politikk.
Gjentaking i kap 4 og 5?	Uklårt om fellingspremie på gaupe berre er knytt til kvotejakt
Oppdatering av tal i figurar/tabellar	
Enkeltpunkter i rovviltforliket må ikkje lausrivast frå heilskapen	
Positive til dialog med naboregionar	
Positive til fokus på kompetanseheving av fellingslag i høve til jakt og lisensfelling.	

*Vurdering*

Når det gjeld dei generelle merknadane foreslår vi å ikkje legge større arbeid i dette no. Planen kan sikkert med fordel kortast inn, men det krevjer balanse og kan gå på akkord med den informasjonsfunksjonen vår plan bør ha. Dessutan er det krav frå mange om at ein del nøkkeltal må inn i planen, sjølv om desse er dynamiske over tid. Vi forstår dessutan ikkje kva som er gjentaking i kapitla 4 og 5. Det viktigaste er at planen er oversiktleg og lett å finne fram i.

I vedlagt utkast til vedtak har vi innarbeidd dei konkrete forslaga til endring, med unnatak av formuleringa av hovedmålet og påfølgande tekst. Dette blei førebels vedteke av nemnda på sist møte. Teksten er utheva med raud farge. Vi vil likevel rå nemnda om å gjere om teksten i samsvar med innspel frå Miljødirektoratet. Det er ikkje i samsvar med gjeldande

rovviltpolitikk å ta ut alle rovpatterdyr med skadepotensiale i regionen. Vi syner elles til Miljødirektoratet si grunngeving.

Det same gjeld sitat frå rovviltforliket i kap 3, som Miljødirektoratet truleg meiner er eit enkeltpunkt som er særskild utheva på bekostning av ei større samanheng med heile rovviltforliket og regelverket elles. Aktuell tekst er farga raud.

#### *Framlegg til vedtak*

*Rovviltnemnda vedtar retta forvaltingsplan slik den er framlagt til møtet. Farga tekst i hovudmålet og i avsnittet under takast ut.*

#### **05/14: Kvote for betinga skadefelling i regionen frå 01.06.2014 – 15.02.2015. Vedtak.**

#### *Saksopplysningar*

Etter forskrift om forvaltning av rovvilt §8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av jerv, bjørn, gaupe og ulv til fylkesmannen. Ei føresetnad er at vilkåra i §7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva kan nyttast i tidsrommet 01.06.2014 – 15.02.2015.

Vilkåra er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygga på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For region 1, som ikkje har nasjonale mål om ynglingar for nokon av desse artane, er ikkje desse måla avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling, men ein må likevel ta omsyn til naturmangfaldlova §5, som sett krav om forvaltingsmål for artar. §7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltingsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal ligge til grunn for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter §8 er eit eiskildvedlat som kan påklagast til KLD innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Fylkesmennene sine vedtak om iverksetting kan og påklagast. Miljødirektoratet er klageinstansen i desse høva.

#### Jerv

Nemnda vedtok ei kvote på 6 jervar som kunne fellast i heile regionen i lisensfellingsperioden 2013/2014. Av 37 felte dyr blei ingen felt i region 1. Etter nyttår er det lagt inn 4 sporfunn frå Indre Sogn i Rovbase midt i januar. Avstandane og tida tyder på at det minst må vere to ulike individ. Utover det er det ikkje lagt inn observasjon av jerv i regionen. Ein einsleg hannjerv har hatt tilhald i områda Hardangervidda/Bykle/Suldalsheiane sidan 2007.

Tabellen under syner dokumenterte/antatte ynglingar i landet siste 3 år.

Noreg	2011	2012	2013
Overlevande ynglehi	49	51	40
Hiuttak	9	17	4

Nasjonalt mål for ynglande jerv er 39 pr år. Resultatet for 2014 blir ikkje klart før utpå hausten. Bestanden er minkande, men framleis over nasjonalt bestandsmål.



Gaupe

Pr 20. februar er det felt 1 gaupe i regionen i år, i Lyngdal i Vest-Agder. Jakttida for gaupe er i februar og mars månader. Det er ingen kvote for gaupe i region 1. I Rovbasen er det berre registrert 1 sporfunn i år, frå Luster i Sogn.

Bestandsstatus før jakt i 2013 blei estimert til 59 familiegrupper i landet. Det gjev eit gjennomsnitt på 67 ynglingar dei siste tre åra, som er like over nasjonalt mål på 65 ynglingar.

Ulv og bjørn

Etter at ulv ble felt på Vegårdshei i november 2013 er det ikkje dokumentert forekomst i regionen. Observasjon av 1 ulv i Stryn er lagt inn i Rovbase med usikker status. 1 ulv ble felt på Iveland i Aust-Agder tidlig i februar.

Nasjonalt overvåkingsprogram bekrefter at det var 3 helnorske ynglinger i forvaltningsområdet for ulv i 2013. Det tilsvarer nasjonalt forvaltningsmål.

Det er ikkje dokumentert forekomst av bjørn i regionen i løpet av 2013 og fram til no. I landet blei det påvist 137 (51 binner) ulike bjørnar i 2012, ei nedgong frå 151 i 2011. Truleg representerer desse funna mellom 6 og 7 ynglingar (Bioforsk rapport nr 47, 2013). Det er langt under det norske bestandsmålet på 13 årlege ynglingar.

Erstatning for rovvilttap

Erstatningstala for tap av bufe til rovvilt syner desse tala for tap av sau og lam som det er utbetalt erstatning for etter beitesesongen 2013:

Fylke	Gaupe	Jerv	Bjørn	Ulv	Kongeørn	Uspesifis.	Total
Sogn & Fj.	15	297	0	0	56	65	433
Rogaland	3	38	0	0	66	7	114
Hordaland	0	0	0	0	72	0	72
Vest-Agder	0	0	0	4	36	0	40
<b>Total</b>	<b>18</b>	<b>335</b>	<b>0</b>	<b>4</b>	<b>230</b>	<b>72</b>	<b>659</b>

Vurdering

Før vedtak om felling skal nemnda vurdere saka etter naturmangfaldlova kap. II. Kravet til bestandsmål for naturleg forekommande arter etter §5 er i ein særstilling for rovviltartane, sidan Stortinget har vedteke konkrete nasjonale mål for årlege ynglingar. Alle artane ligg pr i dag på eller over dette målet, med unnatak for bjørn. Regionar med ansvar for ynglingar og rovviltsoner har eit spesielt ansvar for å nå måla, men også region 1 må ta sin del av ansvaret for langsiktig overleving. Sjølv om regionen er eit beiteprioritert område.

Naturmangfaldlova §7 seier at §§8-12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Kravet til kunnskapsbasert forvaltning (§8) er stort sett sikra i vedtak som angår rovvilt. Kunnskapen om bestandane er god. Kunnskapen kunne vore noko betre i slutten av mai, som eit alternativt vedtakstidspunkt, men vi vurderer at det allereie no er tilstrekkeleg kunnskap til å vedta kvoter i region 1. Tilfeldige innvandringar og hendingar vil uansett avgrense høvet til å vere føreseielseg eit år fram i tid.

Føre-var-prinsippet (§7) er ikkje like relevant med så detaljert kunnskap som fins på rovviltområdet. Ein kan likevel argumentere for at når alle artane no er i nærleiken av

bestandsmålet vil eit for stort uttak kunne komme i konflikt med langsiktig overleving og §5, men det er ei større utfordring for regionar med bestandsmål.

Rovviltet døyr stort sett av felling. I høve til samla belastning jf §10 kan ulovleg felling eller skadeskyting vere eit stort problem for einskilde artar. Gjenfangst av DNA-identifiserte jervindivid tyder ikkje på at det er eit stort problem her.

Bestands situasjonen for den vest-norske delbestanden av jerv er bekymringsfull på grunn av stor avskyting og relativ isolasjon frå jervområda i nord og aust. Det vil framleis vere naudsynt å ha ei kvote for betinga skadefelling, sjølv om fellingsprosenten for slik felling historisk er låg. Lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling av jerv. Vi foreslår ei kvote på 4 jervar.

Det vil og vere rett å ha ei kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det er fare for skade og tilhøva ligg til rette for felling. Vi foreslår ei kvote på 2 gauper.

Vi foreslår ei kvote på 2 ulvar og 1 bjørn. Ulvebestanden er særleg utsett i høve til innavlsproblematikk. Det er difor viktig å vere så trygg som råd på at førekomst av ulv ikkje er genetisk viktige individ før vedtak om felling. Bjørneforekomstane i regionen er svært få, og bestanden er langt under målet. Vi meiner difor kvote på 1 dyr er tilstrekkeleg.

Eventuelle nye opplysningar frå SNO på møtet bør og vurderast i høve til kvotefastsetting på møtet.

#### *Framlegg til vedtak*

*I perioden 01.06.2014 til 15.02.2015 kan fylkesmennene i region 1 nytte desse kvotene for betinga skadefelling:*

<i>Art</i>	<i>Tal</i>
<i>Ulv</i>	<i>2</i>
<i>Bjørn</i>	<i>1</i>
<i>Gaupe</i>	<i>2</i>
<i>Jerv</i>	<i>4</i>

*Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotene tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt. Skadefelling trekkast frå lisensfellingskvoten dersom fellinga skjer i lisensfellingsperioden for arten.*

*Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.*

*Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.*

#### **06/14: Orienteringssakar og ymse.**

Møteplan for 2014

Instruks om tidsfristar frå KLD

Ny vararepresentant frå Vest-Agder